



HUFTHAMAR- *TUNET*



Austevoll kommune
5392 Storebø
Tlf: 56 18 03 00

KORT HISTORIKK



Hufthamartunet ligg på garden Hufthamar lengst nord på Huftarøy. I eldre skriv finn ein namnet skriven på ulike måtar: Hofthammer, Hufthammer og Hoffthamar. Restar etter eldre bruksting og utgravingar syner at det har budd folk på garden langt attende i tida. I 1958 opna Historisk Museum i Bergen ei vikinggrav ved Grønestølen, skilet mellom innmarka og utmarka i sørvest.

Garden hørte til Lyseklostergodset fram til 1875.

Dei siste fastbuande på Hufthamartunet:

Knud Peder Monsen Hufthammer (1851-1929) og Siri Johanne Olsdatter Søreide (1851-1930) hadde fem born. Tre av borna, Kari Mikkeline «Kaia» (1883-1972), Mons (1889-1963) og Marthe Olaine (1892-1948), valde å leva ugifte heile livet. Dei budde saman på Hufthamartunet. Lars «Trombelars» Monsen Hufthammer (1848-1934) var bror til Knut og budde også på tunet. Tilnamnet fekk han fordi han spelte tromme.

TUNET I DAG



Hufthamartunet er skild ut frå gardsnr. 41 bruk nr. 1 og 2. Tunet på ca. 2 mål er ei testamentarisk gåve som Austevoll kommune har teke over for restaurering og skiping av eit bygdetun for kommunen. Restaureringa tok til i 1976.

Tunet ligg fint til i ei svak helling mot vest. Rundt garden er ein mura steingard; eit synleg prov på at folka som budde der, ikkje låg på latsida. Oppdyrka innmark og snaubeitt utmark syner óg at det har vore stor aktivitet av to- og firbeinte skapningar.

Garden Hufthamar hadde tidlegare lending der fergekaien no er. Bruk nr. 3 hadde også sjøbu der. Gjennom tunet går den gamle sjøvegen. I dag ein idyllisk sti som berre er til nytte i fritidssamanhengar, men som for berre nokre tiår sidan var ein viktig veg som måtte haldast skikkeleg vedlike for at tunge bører og lass lett skulle kunna fraktast frå båtlandinga til gards. Sjøbuene som hørte til tunet, ligg i den vakre pollen Paraket; ein halv times gange austover gjennom utmarka.

SJØ- VEGEN



På tunet kan ein leva seg inn i dei barske og harde naturvilkåra til dei sterke, modige, hjelpsame og gudfryktige menneska på garden. Ein får trø på den tidlegare så magre og karrige jorda som det var så vanskeleg å pina noko ut av. Ein kan føla dei mørke kveldane med skumle lydar. Ein ser for seg dei gode kveldane der fleire generasjonar var samla i stova til arbeid og prat. Lyttar ein, hører ein salmesong under haugianarmøta i stovene.

BYGNINGANE PÅ TUNET



Det er to bustadhus i tunet.

Gamlastova er eldst og er samansett av to stover med kjøkken og gang mellom.

Eldste delen, mot sør, er bygd på 1600-talet og var røykstove fram til 1912-13.

Frå 1600-talet var røykstove det vanlegaste stovehuset på gardane. Røykstovene var frå 6 til 10 alner (1 alen = 63 cm) i frikant og utan lem. Stovene har fått namnet sitt etter røykammen, ei grue mura av gråstein med ei steinhelle over. Stova var utan skorstein og røyken vart lufta ut gjennom ljoren i taket.

GAMLA- STOVA



Frå kring 1800-talet vart det vanleg å setja inn vindauge i stovene. Tidlegare fekk ein inn dagslys gjennom ljoren som var trekt med gjennomsiktig ku- eller grisemage og gjennom små hol i veggene som også vart trekt med ku- eller grisemage. For å binda saman konstruksjonane festa ein betar (bjelkar) mellom langveggane i det øvste tømmeromfaret. Avhengig av storleiken på stova var det ein, to eller tre slike tværbetar.

Vanlegvis vart tømmeret vaska i høgd med steinhella på røykammen. Såleis finn ein ofte dei nederste stokkane lysare enn dei over som var svarte av sot og røyk.



Røykstova gjennomgjekk ei stor modernisering i 1912-13. Mønet vart reist og nye takkonstruksjonar laga. Det vart lagt nytt tregolv og dei krafte tømmerveggane vart dekte med malte plater. Det vart og sett på takark.

Ei vandring i gamlastova kan såleis fortelja oss bygningshistorie gjennom over 300 år, frå 1600-talet til 1970 då dei siste fastbuande flytta ut.



Yngste delen, ei lemstove, kom som medgift til Hufthamar i 1815 då Lars Monsen (1773-1859) gifta seg med Brita Olsdatter Brekke (1777-1859). Denne stova stod tidlegare på Brekke, vart merka og lemna frå kvarandre, frakta til Hufthamar og bygd opp att der ho no står.

NYA- STOVA



Nyastova er bygd i 1854. Dette er ei lemstove med kjøkken i eine enden. I kjøkkenet er det ei stor grue. Denne stova har stått på same staden sidan 1854. På lemen mot aust er eit soverom og mot vest ligg tausarommet.

Nyastova har vore mykje brukt til karding og spinning og som vevstove.



LØA OG STABBURET



Løa vart bygd av Lars Monsen i 1820-30-åra. Det er ei stor stavløe med bru inn frå nordgavlen. Det mura steinfjøset er plassert i kjellaren. Der er det båsar til 6 kyr og elles bingar til kalvar.

Gjennom ei lita luke eit stykke opp på veggen vart møka kasta ut i den opne møkdungen, møttinga. Hesten hadde stall i etasjen over.

I tillegg til å gje plass til storfea på garden, tente også løa som lagerlokale for reiskapar og dyrefôr og som arbeidsstad i samband med tresking, förhakking m.m.



Stabburet kjenner ein ikkje sikkert byggeåret til. I 1776 er stabbur nemnt som ein av bygningane på bruk nr. 2. Tømra ber preg av ho har vore nytta tidlegare. Ho har svært varierende tjukkeleik.

Ved inngangsdøra er det på ein av tømmerstokkane skore inn runeliknande teikn. Den eldste delen av bordkledninga, mot sør, er festa med trenaglar. Under reparasjonsarbeid har stabburet fått utoverhengjande tak og utskjæringar i gavlborda.



Stabburet vart nytta som lagerbygg for matvarer. Til tider var her sjølvprodusert mjøl, mjølk, kanskje lefsestablar, salta og tørka kjøtt, salta sild og fisk og andre matvarer som vart nytta.

POTET- KJELLAR



Potetkjellaren er nemnt første gongen i 1844, då som mura kjellar. Potetkjellaren vart som namnet seier, nytta som lagerplass for poteter. Kjellaren er mura av gråstein og er utvendig tilfyllt med jord for å halda frosten og varmen ute. Over kjellaren er det ein låg lem. Her la ein ofte inn høy som isolasjon.

Eldhuset og grisehuset med hønsarhus, do og gjødselkjellar er ramla ned. Eldhuset er nemnt alt i 1776.



Nord i utmarka finn ein grunnmur etter eit smalahus.

I 1991 vart ein uteflor frå Haugland flytta til Hufthamartunet og innreidd til toalett. Den hadde alt då blitt flytta tre gonger.

BRUKEN I DAG



Hufthamartunet vert brukt på mange forskjellige vis i dag:

- Omvisingar.
Sesongen er frå april til september, men tunet vert óg opna etter avtale resten av året.
- Huskonsertar.
- Teaterframsyningar.
- Kultur dagar.
- Utleige til kunstnarar om sommaren.
- Utleige til frivilljuge lag, organisasjonar og privatpersonar som vil ha særreigne omgjevnader til møter og arrangement.
- Skulebesøk/barnehagebesøk. Skuleklassar har vore på tunet og m.a. opplevd ein dag for 100 år sidan, dei har lært om gamle mat-tradisjonar, om byggjeskikk og dei har hatt juleverkstad.
- Blåturar.
- Jonsokfeiring.

VELKOMMEN TIL
HUFTHAMARTUNET

UTFORMING: AUSTEVOLL FORLAG AS, STOREBØ

Austevoll kommune

